

Referat frå styremøte i Hordaland sogelag 18. januar 2023

Tid: 18.januar 2023, kl 11.15 til 15.30

Stad: Sjoddien i Strusshamn, Askøy

Til stades: Anne Liv Soldal, Knut Farestveit, John Einarsen, Sigmund Simmenes og Ågot Gammersvik

Gjest: Torbjørn Dall-Larsen, Askøy historielag

Forfall: Mikal Heldal og Kjell Alvheim

SAKLISTE:

1. Kort oppsummering frå sist styremøte 1. november 2022

Møte blei halde i Bergen i samband med fellesmøte og omvising med Laksevåg Kulturhistoriske Forening på Laksevåg.

Styret beslutta følgjande:

- a) Ajourføra Handlingsplanen og oversenda Kaare Malkenes.
- b) Ajourføra medlemslista
- c) Korrigera vedtektene § 2, Hordaland fylke endra til Vestland

Vedtak: Oppsummeringa vart godkjend.

2) Planlagt tur til Isle of Man

Knut Farestveit la fram plan for tur til Isle of Man 21.-25. august 2023, som er i samarbeid med Norsk Tur v/ Sigrid Mikalsen. Arbeidet her held fram og det vert forhandla pris i høve til antal deltakarar.

Vedtak: Arbeidet med planlegging av program og pris held. Invitasjon bør sendast ut til medlemmane snarast.

3) Påskjøning for konsulentverksemd

Kaare Malkenes ynskjer honorar til ekstern IT-hjelp. Styret drøfta dette som prinsippsak.

Vedtak: Det må gjevast honorar til ekstern IT-hjelp med ein eingongssum. Styreleiar tek vidare kontakt med Malkenes.

4) Fordeler med å vera med i regionslaget

Lokallaga etterlyser oversikt over fordelar med å vera medlem i regionlaget Hordaland sogelag. Styreleiar har drøfta saka med Landslaget, utan endeleg tilbakemelding.

Styret drøfta følgjande føremoner:

- a. Faglege fordeler – tur med historisk tema kvart år.
- b. Lokalhistoriske dagar kvart år med besøk til ulike lokallag i regionen.
Lokallaget kan senda 1 utsending pr. 100 medlemmer, og lokallaga betaler kostnaden.
- c. Kurs som bør haldast sentralt i Bergen t.d. Vestlandshuset (evt. Festningsmuseet).
I høve Handlingsplanen skal det skipast til eitt kurs om våren og eitt kurs om hausten.
Kursa bør vera dagskurs om aktuelle fagområde som:

- Styrearbeid
- Rekneskapsarbeid
- Opparbeiding av arkiv
- Arbeid med årbok

Vedtak: Styret vedtok å tilby kurs kvar vår og haust, i tråd med Handlingsplanen, og prioritera kurs i lagsarbeid. Styreleiar tek kontakt med fylket for å avklara lokaler og datoar.

5) Planlegging av årsmøtet for 2022 og lokalhistoriske dagar på Askøy

a. Årsmøtet

- Årsmelding – framlegg ved styreleiar
- Rekneskap – framlegg ved kasserar

- Val til styret- framlegg ved valnemnd
 - Medlemsavgift: Uendra.
 - Idéutveksling: Innlegg på 15 min frå 3-4 lokallag om arbeidet deira, som andre lokallag kan læra av og ha nytta av. Setja av ca. 1 time til innlegg og diskusjon.
Døme: Voss sogelag om samarbeid med turlaget om historiske vandringer (lågterskeltilbod)
Kvam soge- og kulturminnelag: Lokalhistorie til ungdommen på ungdomsskulen
- Vedtak: Som skissert ovanfor.*

b. Lokalhistoriske dagar på Askøy ved Askøy historielag

Torbjørn Dall-Larsen la fram forslag til program:

Laurdag 25, mars

- Kl. 12.00 Herdla museum, Herdla
Mottaking og servering av lunsj
- Kl. 13.00 Orientering om Herdla museum
Omvising i museet og torpedobatteriet, krigsminne frå 2. verdskrig og dagens bruk
Vandring i fritidsparken med fuglereservat
- Kl. 17.00 Innsjekking «Biologen», Herdla
- Kl. 19.00 Middag på «Biologen»

Søndag 26, mars

- Kl.09.15 Årsmøte Hordaland sogelag
Utsjekk «Biologen»
- Kl.11.00 Avreise Herdla
- Kl.11.30 Besøk Bergen Kringkaster, samling i Grensedalen, Erdal
- Kl.13.00 Lunsj på Sjoddien i Strusshamn
Omvising samlingane i Sjoddien og verna miljø i Strusshamn
- Kl.16.00 Kaffepause og avslutning

Vedtak: Styret takka for framlegg og gir Torbjørn og Ågot i oppgåve å arbeida fram detaljert program med pris for overnatting. Anne Liv sender vidare til Kaare Malkenes som sender nettinvitasjon lokallaga. Deltakaravgift fastsett til kr. 800. Framkomstmiddel; nytta private bilar.

6) Eventuelt

a. Val av styrerepresentant til Landslaget

Frå vestlandet fordeler ein representasjon mellom tre regionar: Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Rogaland har no styrerepresentanten og vi står for tur til å velgja vararepresentant.

Vedtak: Knut Farestveit vert vald som varamann til Landslaget sitt styre.

b. Rekneskap

Kasserar John Einarsen orienterte om rekneskapan

Vedtak: Styremedlemmene signerer når revisor har godkjent rekneskapan.

c. Utmelding

Kasserar orienterte om utmeldingar som alle kjem til han.

Sist utmelde er Hjellestad og Milde Historielag.

Vedtak: Saka tatt til orientering.

d. Orientering om 100års jubileum for kristninga av Voss

Knut Farestveit orienterte om 1000 års markering av kristninga av Voss. Dette jubileet skal feirast i Olsokhelga 1-2. juli 2023.

Vedtak: Saka tatt til orientering.